



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
055/16	Formannskapet	Klikk her for å skrive inn tekst.
	Kommunestyret	

Sakshandsamar:	Sektor helse og omsorg	Terje Sætre
	Arkivnr.: 14/7845	Klassering:

Alkoholpolitisk plan 2016 - 2020 for Lindås kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Alkoholpolitisk plan 2016 – 2020 for Lindås kommune blir vedteken.

Kontrollutvalet for alkohol¹ – møte 18.04.2016

Kontrollutvalet for alkohol slutta seg samrøystes til rådmannens framlegg til vedtak, med unnatak for følgjande endring:

Pkt. c i pkt. 1 «Sal og utlevering av alkoholhaldig drikk» i forskrift om sals-, skjenke- og opningstider i Lindås kommune blir **endra frå**:

«Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2.50 volumprosent er tildekka/ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling kan imidlertid skje etter dette tidsrom dersom kunden har forsynt seg med drikken før salstidas slutt.»

til

«Løyvehavar er ansvarleg for at drikk med alkoholinnhald over 2.50 volumprosent er tildekka/ikkje lenger er tilgjengeleg i butikken ved salstidas slutt. Betaling må skje før salstidas slutt.»

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

¹ Samtlege tre medlemmer møtte: Stina Mongstad (AP), Arild Stangeland (KRF) og Nina Øvreås (FRP).

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol
Saka skal til innstilling i Formannskapet
Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn

Utkast til Alkoholpolitisk plan 2016 – 2020 har vore til høyring og offentleg ettersyn i perioden 19.03. – 14.04.2016.

Planutkastet er i tillegg sendt til kommunens sosialteneste, nærings sjefen, kommuneoverlegen, politiet og leiar for alkoholkontrollen. Samtlege sals- og skjenkestader i kommunen er gjort merksam på at dei kan kome med innspel til planen.

Det har ikkje kome innspel til planutkastet.

Rådmannens framlegg til alkoholpolitisk plan 2016-2020 er vedlagt.

Rådmannens framlegg er identisk med alkoholpolitisk plan 2016-2020 som vart lagt ut til høyring, jfr. formannskapets vedtak i sak 23/16 «Høyring – Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016-2020».

Vedlagt er også dokument i tilknytning til planen.

.....

Vedlagte saksdokument:

alkoholpolitisk plan 2016 - 2020 utkast

Høyring - Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune 2016- 110984 11.05.2016

2020 (151960)

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost